

# Overgang frå barnehage til skule og SFO



Samarbeid og samanheng



## Innhold

Føreord .....	3
Kort fortalt .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Hensikt med planen.....	4
Aktivitetsplan.....	6
Nærare omtale av aktivitetane .....	7
Litteraturhenvisning .....	18



## Førord

Planen er utarbeidd gjennom prosjektet Hallo! Adjø!, kor målsetjinga var å utvikle ein heilsakleg overgang frå barnehage til skule og SFO, som kjem alle barn til gode. Planen er forankra i lovverk<sup>1</sup>, Stortingsmeldingar<sup>2</sup>, rammeplan til barnehage og SFO, sentrale rettleiarar<sup>3</sup>, andre satsingsområde i kommunen<sup>4</sup> samt aktuell forsking<sup>5</sup>. I tillegg har prosjektleiar utarbeidd ei kartlegging av behov i Sveio kommune knytt mot overgangen, med utgangspunkt i observasjonar, samtalar og intervju med aktuelle kandidatar som leiarar og tilsette i barnehage, skule, SFO, PPT, helse, ungdom, føresette og barn. Desse har vore med å påverka innhaldet i planen. Medverknad har stått sterkt i planprosessen og i utforminga av aktivitetane. Planen har eit universelt utforma preg, kor inkluderande fellesskap står i fokus. I hovudsak skal dei aller fleste aktivitetane famne alle. Er det nokre barn som har trong for fleire aktivitetar enn det som står i planen, skal dette bli fanga opp gjennom fastsette møtepunkt, der ein kan supplere med individuelle tilpassingar, i tillegg til dei ordinære aktivitetane.

Planen skal vere eit arbeidsreiskap som skal vere kontinuerleg i bruk. Det er einingsleiarane sitt ansvar å sikra gjennomføring av aktivitetane på ein god måte. Aktivitetane som er omtala i overgangsplanen er forpliktande for alle kommunale skular og barnehagar, medan private barnehagar blir sterkt oppmoda til å fylgje planen. Det er rom for lokale variasjonar, men det som er omtala i planen skal vere ein minste standard.

<sup>1</sup> Barnehagelova, Opplæringslova, Rammeplan SFO

<sup>2</sup> Nr 6, Tett på, nr 19 Tid for lek og læring og nr 21 Lærelyst.

<sup>3</sup> Utdanningsdirektoratet 2014, Bufdir (2009), Bufdir (2017)

<sup>4</sup> Betre Tverrfagleg innsats, Oppvekststreforma, inkludering

<sup>5</sup> Lesesenteret (2018), Nyhagen, M. S. (2021), Drugli, M. B. og Nordahl, T (2016), Hogsnes, (2019), Hogsnes (2014), Hogsnes (2025)



## Hensikt med planen

Planen har som mål å sikre lovfesta samarbeid mellom barnehage, skule og SFO, samt å skape samanheng og kontinuitet for barna i overgangen mellom desse institusjonane.



Barnehagelova § 2a

- Barnehagen skal samarbeide med skolen om barnas overgang fra barnehage til skole og skolefritidsordning (...). Samarbeidet skal bidra til at barna får en trygg og god overgang.



Opplæringslova § 4-7

- Kommunen skal sørge for at barna får ein trygg og god overgang frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga.



Rammeplan SFO

- SFO skal bidra til å skapa ein god og trygg overgang frå barnehage til skole og SFO saman med skolen og barnehagen.

Å skape samanheng handlar om å leggje til rettes for eit heilskapleg opplæringsløp der enkeltbarnet blir møtt ut frå eigne føresetnadar og behov, slik at det kan lære og utvikle seg fagleg, sosialt og emosjonelt. Samstundes må barnet oppleve sosial, fysisk og innhaldsmessig kontinuitet mellom institusjonane. Overgangsplanen skal vere med å sikre denne kontinuiteten, slik at «*barna kan møte skulen med nysgjerrigkeit og tru på eigne evner*»<sup>6</sup>. Overgangen må sjåast som ein prosess der ein byggjer vidare på erfaringar og kunnskapar frå barnehagen inn i skule og SFO. «*Å oppleve sammenheng mellom barnehagen og skolen og trygghet i en ny hverdag, bidrar til tro på egne krefter i møte med andre barn, læringsmiljøet, lærerne og læringsarbeidet i skolen*»<sup>7</sup>. Det er ein grunnleggjande føresetnad for all utvikling og læring at barn trivst, opplever meistring og kjenner seg trygge og inkluderte<sup>8</sup>. Inkluderande fellesskap, tryggleik og meistring er difor grunnpilarane i overgangsaktivitetane.

For å byggje kapasitet og ruste barna til små og store overgangar og utfordringar i utdanningsløpet og livet generelt, er det heilt sentralt å byggje gode lag rundt barna, jamfør Stortingsmelding 6, Oppvekstreforma og Betre Tverrfagleg Innsats. Difor er både helsesjukepleiar, PPT, spesialpedagog, skulekontoret, biblioteket, rektorar, styrarar, tilsette i barnehage, skule og SFO, føresette og barna sjølv, inkludert i overgangsaktivitetane i ulik grad. Målsetjinga er at føresette, barn og tilsette ikkje berre skal vere informert, men at dei skal vere med å påverka overgangsprosessen dei er ein del av.

Overgangsaktivitetane skal vere med å skape ein god overgangskultur ved å sikre møtepunkt, dialog og informasjonsflyt, slik at både føresette og barna kjenner seg medverkande og trygge, samstundes som overgangen vil opplevast som heilskapleg og god. Ein god kontinuitet og gode møtepunkt er med å bidra til at opplæringa kan tilpassast det enkelte barnet allereie frå fyrste skuledag. «*Om me lukkast med ein god overgang aukar me sannsynet for at kvar einskild elev vil få oppleva kontinuitet, tryggleik, fellesskap og meistring både på fagleg og sosialt plan*»<sup>9</sup>.

<sup>6</sup> Rammeplan barnehage

<sup>7</sup> Lillejord, Børte, Halvorsrud, Ruud og Freyr (2015)

<sup>8</sup> Læreplan Overordna del kap 3.1

<sup>9</sup> Lillejord, Børte, Halvorsrud, Ruud, og Freyr (2015)



## Overordna mål:

Utvikla eit nytt heilskapleg system for overgangen mellom barnehage, skule og SFO som kjem alle barn til gode

Dette betyr i praksis at


- Barnet opplever **samanhang** frå barnehagen til skule og SFO.
- Barna får ta med seg **interessene** sine og ha nytte av den **dugleiken** dei tileigna seg i barnehagen i møtet med skulen og SFO.
- Barna kjenner seg **trygge** i overgangen og opplever skule og SFO som ein god stad å vere.
- Barnet opplever å bli ein del av eit **inkluderande fellesskap**.
- Barnet opplever å bli **møtt** ut frå eigne føresetnadar og behov slik at det kan lære og utvikle seg i takt med seg sjølv.
- Barnet får færre stressbelastningar, og opplever **meistring**.
- Barn og føresette opplever **flyt på informasjon** i overgangen.
- Barnet har ei **god utvikling** både fagleg, sosial og emosjonelt.
- Kvar enkelt barn opplever **tilhøyrslse** i klassen og på skulen.
- Barn og føresette har ei sentral rolle i overgangen, med **medverknad** gjennom deltaking på aktivitetar.
- Alle elevar **fullfører** grunnskulen og vidaregåande skule.



# Aktivitetsplan

August September Oktober November Desember Januar Februar Mars April Mai Juni

Planlegging, organisering og gjennomføring av førskuleopplegg for skulestartarar. Nyte Sveisekkjen på vårhalvåre.



Ansvar/deltakrar: ● Rektor ○ Styrar ● Helsejukepleiar ● PPT ● Skulekontoret ● SFO ● Pedagogisk leiar ● Lærar ● Bibliotek ● Foreldre ● Skulestartar/1.klassing

○ Aktuelle instansar som barnevern, BUP, fysio, logoped, barnevern, helse, habiliteringstenesta ■ Før skulestart □ Etter skulestart

NB: Den som står først er ansvarleg for at aktivitet vert gjennomført.



## Nærare omtale av aktivitetane

### 1. Styrar melder frå til skulen om barn med behov for varig individuell tilrettelegging

Mål: Skulen skal få ein oversikt over kva som må vere på plass når barnet byrjar på skulen.

- ✓ Meldinga skal innehalde kva kompetanse skulen må ha, samt kva plass/utstyr som trengst når barnet byrjar på skulen.
- ✓ Ved behov kan styrar kalle inn til møte.
- ✓ I få tilfelle kan det vere aktuelt at barnet skal gå på ressursavdelinga på Sveio skule, om dette er i tråd med ynskje frå foreldra.
- ✓ Hugs samtykke i høve til alle aktuelle instansar!

Opplæringslova § 2-6.

Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. (...) Etter søknad kan eleven takast inn på anna skole enn den eleven har rett til å gå på.

### 2. Helsestasjon koplar skule på ansvarsgruppemøter

Mål: Skulen får gjere seg kjend med behova til barnet, slik at dei på best mogeleg måte kan planleggje for ein tilrettelagt oppstart på skulen.

- ✓ Helsestasjon inviterer aktuell skule og aktuelle instansar til ansvarsgruppemøte.
- ✓ Overgang er ei stor hendig i alle barn sine liv. Nokre barn kan ha behov for individuell tilrettelegging for at overgangen skal opplevast som trygg og god.

Stortingsmelding 6

Barnehage, skole og støttesystemet skal samarbeide om å yte tenester til barn og unge med ulike behov.

### 3. Utsett og tidleg skulestart

Mål: Barn som har behov for det, skal kunne få utsett eller framskunda skulestart

- ✓ Føresette kan søkje eller samtykke til utsett skulestart med eit år, om det føreligg ei sakkunnig vurdering frå PPT, der dette vurderast som det beste for barnet.
- ✓ Føresette kan søkje eller samtykke til skulestart det året barnet fyller 5 år, om det føreligg ei sakkunning vurdering frå PPT som seier at dette er forsvarleg.

Opplæringslova § 2-4.

Kommunen skal a eit barn byrje på skolen det året barnet fyller sju år, dersom foreldra søker om det eller samtykkjer og det etter ei sakkunnig vurdering er tvil om at barnet er kome langt nok i utviklinga si til at det bør byrje på skolen det året barnet fyller seks år.

Opplæringslova § 2-4.

Kommunen kan la eit barn byrje på skolen det året barnet fyller fem år, dersom foreldra søker om det eller samtykkjer og ei sakkunnig vurdering viser at det er forsvarleg.



#### 4. Planlegging, organisering og gjennomføring av førskuleopplegg for skulestartarar

Mål: Barnehagen skal leggje til rettes for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og dugleikar som kan gje dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å byrje på skulen.

- ✓ Barnehagane i kommunen skal ha eit felles fokus når dei planlegg førskuleopplegget, som skal vere i tråd med barnehagen sin rammeplan, samt lokale og sentrale satsingar som inkluderande fellesskap, språkplan og tryggleikssirkelen. Sjølve innhaldet må tilpassast den enkelte barnehage, men alle skal nytte Sveiosekken.
- ✓ Planlegging og gjennomføring av førskuleopplegget skal gjerast i samarbeid med førskulebarna for å sikre medverknad og motivasjon hos barna.

##### Rammeplan barnehage

Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen.

#### 5. Innskriving i nærskulen

Mål: Føresette er informert om at barnet er skrive inn i skulen.

- ✓ Skulen sender ut brev/digibrev til føresette om informasjon kring innskriving. Sjølve innskrivinga skjer digitalt i VISMA.

#### 6. Storforeldremøte med tema overgang frå barnehage til skule og SFO

Mål: Gi informasjon som skal trygge og gjer føresette kjent med prosessar i overgangen, slik at dei kan vere med å førebu og trygge barna sine

- ✓ Innhold på møte:
  - Presentasjon av rektorane
  - Praktisk om SFO
  - Korleis jobbar barnehagane mot skulestart
  - Aktivitetar i samband med overgangen og skulestart
  - Livet i 1.klasse og på SFO
  - Korleis kan føresette førebu barn på overgangen
  - Viktigheita av å lesa for og med barn
  - Søvn, mat, skjerm og utvikling til 6-åringen
  - Foreldrestøttande tiltak
- ✓ Rektorane er ansvarleg for møtet, saman med ein representant frå SFO.
- ✓ Det er anbefalt at styrarane deltek på møtet.

##### Utdanningsdirektoratet

Det vil vera av betydning at foreldre møter barnehagen og skulen med ei positiv innstilling og er godt informert om overgangen.

##### Rammeplan SFO

SFO skal gi foreldre informasjon om tilbodet, avklara gjensidige forventningar og leggja til rett for at foreldre kan bidra i arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten.

#### 7. Fagmøte i forkant av samarbeidsmøte for barn med behov for individuell tilrettelegging og/eller for barn som er i barnevernstenesta ved behov

Mål: Barnet opplever tryggleik, meistring, utvikling og blir ein del av eit inkluderande fellesskap i skulen.



- ✓ Møtet skal brukast til å avklare praktiske rammer kring samarbeid, ressursar og eventuelle overgangsaktivitetar utover det ordinære.
- ✓ Det blir viktig å leggje ein plan for kompetanseoverføring frå barnehagen til skulen og SFO, knytt til barnet sine spesifikke behov.
- ✓ Føresette skal ikkje delta på dette møtet.
- ✓ Hugs samtykke i høve til alle instansar som deltek.
- ✓ Styrar evt barnevernstenesta er ansvarleg for møtet.

#### Stortingsmelding 6

*Barnehage, skole og støttesystemet skal samarbeide om å yte tenester til barn og unge med ulike behov.*

9

## 8. Samarbeidsmøte for elevar med behov for individuell tilrettelegging og/eller for barn som er i barnevernstenesta ved behov

*Mål: Barnet opplever tryggleik, meistring, utvikling og blir ein del av eit inkluderande fellesskap i skulen.*

- ✓ Møte skal vere relasjonsbyggande og ha fokus på planlegging av skuletilbod.
- ✓ Foreldra sine tankar og barnet sitt uttrykk for kva som er viktig i overgangen skal særleg vektleggast.
- ✓ Det må leggjast ein plan for korleis barnet skal bli kjend med skulen sitt fysiske rom, tilsette på skulen og klassevener. Kva treng barnet utover dei overgangsaktivitetane som allereie blir gjennomført.
- ✓ Føresette skal elles bli orientert om rutinane for overgang frå barnehage til skule og SFO, samt PPT si rolle i overgangen og i skulen.
- ✓ Føresette skal delta på dette møtet.
- ✓ Vidare møter etter avtale og behov.
- ✓ Hugs innkalling med sakliste, samt referat til alle deltakarane.
- ✓ Styrar evt barnevernstenesta er ansvarleg for møtet.

Opplæringslova § 10-1.

*Ved handlingar og avgjerder som vedkjem elevar, skal kva som er best for eleven, vere eit grunnleggjande omsyn.*

Opplæringslova § 11-12.

*Elevar som heilt eller delvis mangla funksjonell tale og treng alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få bruke eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæring.*

## 9. Tilsett frå skule hospiterer i barnehage knytt opp mot enkeltbarn med behov for individuell tilrettelegging

*Mål: Barnet blir kjend med den tilsette under trygge rammer, og den tilsette blir kjend med barnet.*

- ✓ For barn som vil ha behov for individuell tilrettelegging i skulen, skal det vurderast hospitering til barnehagen av tilsett frå skule, som vil vera med barnet i skulen. Eit alternativ til hospitering kan vere hyppigare skulebesøk/hyppigare møte med lærar og/eller spesialpedagog.
- ✓ Formålet med hospitering:
- ✓ Barnet blir kjend med den tilsette, og den tilsette blir kjend med barnet.
- ✓ Den tilsette frå skule får eit innblikk i korleis det pedagogiske arbeidet blir gjennomført i barnehagen for det aktuelle barnet, slik at ein kan byggje på dette når ein skal gje individuell tilrettelagt opplæring i skulen.

Utdanningsdirektoratet

*Det er spesielt viktig med et nært samarbeid mellom barnehage og skole for barn som har behov for særskilt tilrettelagt omsorgs- eller læringsmiljø og eventuelt spesialundervisning.*



- ✓ Opplæring av medisinske behov, stell, rutinar og alternativ supplerande kommunikasjon om dette er aktuelt.
- ✓ Skulen får innblikk i korleis barnehagen jobbar med inkluderande fellesskap.

## 10. Opprett kontakt med andre aktuelle barnehagar enn barnehagane i Sveio

*Mål: Opprette eit samarbeid mellom barnehage og Barneskule slik at barnet opplever ein god overgang til skulen*

- ✓ Om det er barn som kjem frå ein anna barnehage enn barnehagane i Sveio kommune, blir det tilrådd at rektor tek kontakt med aktuell barnehage for å opprette eit samarbeid om overgangen.
- ✓ Rektor informer barnehagen om overgangsrutinane til Sveio, då særskilt dato for besøksdagar, Salamanderklubben samt overgangsskjema.
- ✓ Rektor etterspør om barnehagen har mogelegheit til å fylgja Sveio si rutine, med utfylling og innsending av overgangsskjema til skulen.

## 11. Melde frå til skulekontoret om ressursbehov for barn som treng individuell tilrettelagt opplæring

*Mål: Skulekontoret får ein oversikt over naudsynte ressursar det er trong for på den enkelte skule.*

- ✓ Skuleleiinga skal melde frå til skulekontoret om kva ressursar dei har trong for i samband med enkeltbarn som skal byrje på skulen. Dette kan omhandle fysisk tilrettelegging, utstyr og kompetanse eller personleg assistanse.
- ✓ Frist 15. februar.

Opplæringslova § 11-4 og 11-5.  
*Elevar har rett til den personlege assistansen/tekniske hjelpe midla og den fysiske tilrettelegginga dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstilande utbyte av ho (...).*

## 12. Sveiosekken

*Mål: Barna får møte same innhald både i barnehage, skule og SFO, som er med å skape samanheng og innhaldsmessig kontinuitet mellom institusjonane.*

- ✓ Sveiosekken skal nyttast både i barnehage, skule og SFO. Gjennomgåande tema i innhaldet er inkluderande fellesskap.
- ✓ Innhaldet i Sveiosekken skal bestå av rim/regle, regleleik, ei bok på nynorsk, ein dans, ein song, ein maskot + narrativ som er inspirert av barneintervju.
- ✓ Innhaldet i Sveiosekken skal nyttast av barnehagane vårhalvåret før skåulestart og på hausthalvåret av skule og SFO.
- ✓ Styrarar og rektarar er ansvarlege for at Sveiosekken blir nytta.
- ✓ Skulekontoret er ansvarleg for innhaldet i sekkane og eventuelt byte av innhald.

Utdanningsdirektoratet  
*Å opp leve sammenheng mellom barnehagen og skolen gir trygghet i en ny hverdag, bidrar til tro på egne krefter i møte med andre barn, læringsmiljøet, lærerne og læringsarbeidet i skolen. I et samfunnsperspektiv er samarbeid mellom barnehage og skole nødvendig for å sikre gode læringsresultater og sosial utjeving.*

Hogsnes, 2019  
*Lek og vennskap i SFO kan oppstå med bakgrunn i noen felles leseerfaringer fra barnehage og skole.*



### 13. Salamanderklubben

*Mål: Skape ei felles oppleving for barn og føresette i møte med skulen, som gir positive forventningar og bidrar til tryggleik i samband med skulestart. Skulen blir kjend med barnegruppa og kan legga best mogeleg til rette for ein tilpassa skulestart for den enkelte elev, allereie frå fyrste skuledag.*

- ✓ Tre ettermiddagar på våren blir skulestartarar og føresette invitert til samling med Salamanderklubben på sin skule.
- ✓ På hausten vil det vere ei teaterførestilling tilpassa 1.klassingane med tema venskap og inkludering.
- ✓ Etter skulestart blir foreldra oppfordra til å møtas på eige initiativ.
- ✓ Fokus på samlingane er å bli kjend med kvarandre, bli kjend med fysiske omgjevnadar og bli kjend med innhald i dagens skulen og SFO, samt legge eit godt grunnlag for samarbeid og eit inkluderande fellesskap.
- ✓ Dei aktuelle skulane sender ut invitasjon med innhald på dei forskjellige samlingane til foreldra.
- ✓ Rektorane er ansvarleg for gjennomføring av dei tre fyrste samlingane til Salamanderklubben.
- ✓ Innhald i Salamanderklubben:

Kunnskapsdepartementet  
*Informerte, positive og deltagende foreldre kan bidra til å trygge og motivere barnet, slik at de møter skolen med pågangsmot og entusiasme.*

Læreplan overordnet del  
*Skolen skal utvikle inkluderende fellesskap (...). De ansatte på skolen, foreldre og føresatte og elevene har sammen ansvar for å fremme helse, trivsel og læring og for å forebygge mobbing og krenkelser.*

Utdanningsdirektoratet  
*Det er også viktig at dere gir foreldrene mulighet til å snakke sammen for å bli kjent. På foreldremøtene kan foreldrene sitte sammen i grupper og drøfte relevante tema. Slike foreldremøter kan bidra til å utvikle et godt fellesskap.*

#### **Samling 1**

- Bli kjend med klasserommet og garderoben
- Syng/vis [«Det e godt å ha någen»](#)
- Stasjonsarbeid/oppgåver/leik
- Utlevering av Salamanderposen

#### **Samling 2**

- Syng/vis [«Det e godt å ha någen»](#)
- Høgtlesing av boka dei fekk på førre samling
- Arrangert uteleik i grupper
- Frileik ute

#### **Samling 3**

- Syng/vis [«Det e godt å ha någen»](#)
- Barna blir med tilsette frå SFO for å bli betre kjend med innhald i SFO.
- Foreldre deltek på foreldremøte.
- Tema for møtet; praktisk og relevant informasjon.
- Foreldre blir delt i grupper for å bli betre kjend og diskutere relevante tema som samarbeid heim-skule, forventningar til skulen, forventingar til kvarandre, skjermbruk eller andre relevante tema.
- Val av klassekontakt og FAU-representant.
- Skuleleiinga oppfordrar klassekontakt til å fortsetja med Salamanderklubben i form av to-tre sosiale samlingar for heile klassen kommande skuleår.



#### 14. Arrangera tre besøksdagar for skulestartarane

Mål: Besøksdagane skal bidra til at barna får eit innblikk i korleis skulelivet er. Besøksdagane skal bidra til å skapa positive forventningar til skulestart, samt oppleveling av tryggleik, glede, motivasjon, mestringstru og nysgjerrigkeit.

- ✓ Skulen gjennomfører tre besøksdagar for skulestartarane.
- ✓ Det er viktig at ein hugsar å innlemma barn som ikkje går i barnehage, barn som ikkje går i nærbarnehagen eller barn ein veit kjem flyttande.
- ✓ Skulen skal informere barnehagen om **innhald i** besøksdagane, slik at dei kan førebu barna på kva som skal skje og skapa positive forventningar til besøka.
- ✓ Om barnehagen ikkje har mogelegheit til å fylgje enkelte barn på skulebesøk fordi dei ikkje skal til nærskulen, skal foreldra informerast og inviterast til å vere med. Det er barnehagen sitt ansvar å informere føresette om ein ikkje har mogelegheit til å fylgja det aktuelle barnet.
- ✓ Den enkelte barnehage kan besøke skulane på uteområdet på eige initiativ, utanom oppsette besøk.
- ✓ Er det barnehagar som har enkeltbarn med behov for ekstra besøk, anbefalast det at heile eller deler av barnehagegruppa er med på desse besøka.
- ✓ Det er rektor sitt ansvar å stå for innhaldet i besøksdagane. Den enkelte leiar kan delegere ansvaret til ein lærar/SFOleiar.
- ✓ Besøksdagane skal innehalda:

Rammeplan barnehage  
*Dei eldste barna må få høve til å gle seg til å begynna på skulen og oppleva at det er ein samanheng mellom barnehage og skule (...). Barna skal få bli kjent med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga.*

Rammeplan SFO  
*Det er ein fordel om barna får mogelegheit til å verta kjend med det fysiske miljøet og personalet i SFO før skulestart.*

Kunnskapsdepartementet  
*Forskning og erfaring viser at barn som blir hjulpet i forkant av skolestart med å forstå hva som skjer i skolen, ser ut til å føle seg mer emosjonelt sikre og klare til å møte utfordringen med større trygghet når de begynner.*

##### Fyrste besøk

- Møte vaksne dei vil treffen på skulen -om mogeleg eigen lærar
- Reelt utdrag av ein skuledag inne i klasserommet saman med 1.klasse
- Ete saman
- Dansa Bli-med-dansen med 1.klassingane
- Friminutt/frileik ute

##### Andre besøk

- Møte vaksne dei vil treffen på skulen -om mogeleg eigen lærar
- Reelt utdrag av ein skuledag saman med 1.klasse (ute eller inne)
- Ete saman
- Møte fadrar
- Leike «Fisken i det raude hav» eller «Hauk og due»
- Friminutt/frileik ute

##### Tredje besøk

- Møte eigen lærar om denne er tildelt
- Dagen kan brukast slik den enkelte skule tenkjer er best, men den skal speglia eit reelt utdrag av livet i 1.klasse.



## 15. Fadderordning

Mål: Fadderordninga skal bidra til inkludering og tryggleik blant skulestartarane, samstundes som fadrane skal få kjenna på meistring gjennom å ha eit fadderansvar.

- ✓ Alle 1.klassingar skal ha ein eller fleire fadrar frå eit høgre klassetrinn.
- ✓ Det er anbefalt at 1.klassingane får møte fadrane sine før dei byrjar på skulen, t.d. i samband med besøksdagar på skulen, slik at dei kan bli kjende før skulestart.
- ✓ Lærarane må førebu fadrane på fadder-rolla.
- ✓ Den enkelte skulen arrangerer fadderordninga tilpassa eiga eining.

Hogsnes, 2019

Tidligere forskning viser at etablering av kontakt mellom skolevenner, tilstrekkelig lekmateriell, **støtte fra eldre elever**, samt undervisning og dialog som støtter opp om sosiale relasjoner, er vesentlige strategier for gode overganger.

## 16. Søkja SFO plass for kommande skuleår

Mål: Føresette kjenner til søknadsfristen og søker innan fristen er gått ut.

- ✓ Innan 1.april må føresette søkje om SFO-plass for kommande år.
- ✓ Etter Statens budsjettavtale (01.08.24) skal alle fyrste, andre og tredjeklassingar, ha gratis kjernetid i SFO. Sveio kommune har valt å gje denne tida på onsdagar og fredagar, då dette er korte skuledagar.
- ✓ I tillegg vil ein tilby gratis SFO enten haust- eller vinterferie.

Rammeplan SFO

Gjennom å gje barn mogelegheiter for aktiv deltaking i leik, kultur- og fridtsaktivitetar saman kan andre barn, kan skulefritidsordninga bidra til å jamne ut sosiale ulikskapar.

## 17. Barnesamtale og utfylling av overgangsskjema

Mål: Imøtekommne tankar, kjensler og forventningar barnet har kring det å slutte i barnehagen og å byrje på skulen og SFO.

- ✓ På våren skal pedagogisk leiar ha Barnesamtale med alle skulestartarane. Pedagogisk leiar skal saman med barnet fylla ut eit overgangsskjema som skal sendast til skulen.
- ✓ Om barnet ikkje ynskjer å fylle ut skjema, skal dette ikkje gjennomførast.
- ✓ Det blir tilrådd at pedagogisk leiar har felles undringssamtalar i barnegruppa kring det å byrje på skulen, gjerne ved hjelp av biletet/bøker eller i etterkant av ein overgangsaktivitet.

Rammeplan barnehage

Barnehagen skal vera bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og legge til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna.

## 18. Foreldresamtale med fokus på overgangsskjema

Mål: Føresette får uttale seg om tankar og forventingar kring skulestart, samt kva opplysningar dei ynskjer å gje til skulen, slik at skulen kan sikra ein best mogeleg skulestart.



- ✓ Overgangsskjema er digitalt med to deler der den eine skal fyllast ut av føresette, medan den andre delen skal fyllast ut av barnehagen. Føresette må godkjenne og skrive under på opplysningane som barnehagen har skrive, før det blir sendt til skulen. Om føresette har delt bustad, må begge føresette signere. Barnehagen skal etterspør om skjema er sendt på foreldresamtalen, evt kan signering og innsending skje på foreldresamtalen.
- ✓ Det er føresette som bestemmer kva informasjon dei ynskjer å dele om barnet sitt.
- ✓ Om føresette ikkje ynskjer å sende informasjon om sitt barn til skulen, skal ein likevel gjennomføre ein samtale kring temaet.
- ✓ Innan 1. juni sender barnehagane, ferdig utfylt skjema til den aktuelle skulen.

Kunnskapsdepartementet  
*Overgangen fra barnehage til skole skal skje i nært samarbeid med barnas hjem, og foreldrene må være med å legge premisser for informasjonsoverleveringen. De må få innsyn i og avgjøre hvilken informasjon som følger barnet over i skolen.*

14

## 19. Internt møte

Mål: PPT barnehage og PPT skule samarbeider tett om arbeid på systemnivå og enkeltsaker ved behov, for å sikra kontinuitet i overgangen.

- ✓ PPT barnehage og PPT skule har eit internt møte.
- ✓ Naudsynte samtykker er innhenta.

Opplæringslova § 24-1  
Skolen, skolefritidsordninga og pedagogisk-psykologisk teneste, skal samarbeide med andre tenesteyter dersom samarbeid er nødvendig for å gi eleven eit heilskapleg og samordna tenestetilbud.

## 20. Overføringsmøte om barn som har hatt individuell tilrettelegging i barnehagen

inneverande år, eller barn som kan trenge tilpassa tilrettelegging i overgangen

Mål: Møtet skal vere relasjonsbyggande og ha fokus på korleis ein best mogleg kan legge til rettes den tilpassa opplæringa slik at barnet opplever meistring, utvikling og inkludering.

- ✓ Nokre barn kan ha trong for individuell tilrettelagt støtte og trygging i ein overgang av ulike grunnar.
- ✓ Alle barn har rett på tilpassa opplæring, og i nokre tilfelle kan det vera behov for eit tettare samarbeid mellom barnehage, skule og SFO og eventuelle andre, for å få dette til. Då kan styrar kalla inn til overføringsmøte med føresette, skule og andre aktuelle instansar.
- ✓ Foreldra sine tankar og barnet sitt uttrykk for kva som er viktig i overgangen skal særleg vektleggast.
- ✓ Kontaktlærar skal vere med på møtet.
- ✓ Har barnet hatt vedtak og spesialpedagogisk hjelp i barnehagen, skal PPT og spesialpedagog delta på møte og gi detaljert rettleiing på kva behov barnet har og korleis ein best mogeleg skal tilrettelege oppstarten og skulekvardagen.
- ✓ Hugs innkalling med saksliste og referat.
- ✓ Styrar er ansvarleg for møtet.

Læreplan overordna del  
*Elevane møter skolen med ulike erfaringar, forkunnskapar, haldningar og behov. Skolen må gi alle elevar likeverdige moglegheiter til læring og utvikling, uavhengig av føresetnadene deira.*

Opplæringslova § 11-1.  
*Kommunen skal sørge for at opplæringa er tilpassa, det vil seie at elevane får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av føresetnadar, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine.*



## 21. Utforma midlertidige vedtak for barn som treng eit individuelt tilrettelagt opplæringstilbod ved skulestart

Mål: Sikra inkludering og tilpassa opplæring for barn som treng eit individuelt tilrettelagt opplæringstilbod ved skulestart.

- ✓ Treng barnet individuell støtte i overgangen og oppstart på skulen, kan PPT skriva dette i den sakkunningar vurderinga som blir utforma medan barnet går i barnehagen.
- ✓ Det kan vere aktuelt at spesialpedagog eller ein anna tilsett frå barnehagen, støttar barnet over i skulen i ein tidsavgrensa periode. Om dette er aktuelt må det spesifiserast i ein skrifteleg plan korleis dette skal organiserast, samt korleis ein skal overføre best mogeleg informasjon og kompetanse til skulen.
- ✓ Rektor kan fatta eit midlertidig vedtak ved behov, både før og etter skulestart.
- ✓ Midlertidige vedtak kan utformast på den sakkunnige vurderinga som ligg frå barnehagen, men vedtaka skal ha ein avgrensa tidsperiode. Medan barnet har eit midlertidig vedtak, må skulen vurdere om barnet vil ha behov for vidare individuell tilrettelagt opplæring innanfor skulen sine rammer. Er dette aktuelt skal det sendast ei oppmelding til PPT.

Opplæringslova § 11-6.  
Elevar har rett til individuell tilrettelagt opplæring dersom dei treng det for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

## 22. Fyrste skuledag

Mål: 1.klassingane og føresette opplever ein god start på skulegangen.

- ✓ Fyrste skuledag er ein stor dag for barna som skal byrje på skulen og deira føresette, men også for skulane som skal ta godt i mot dei nye 1.klassingane.
- ✓ Fyrste skuledag skal føresette vere med 1.klassingen sin på skulen.
- ✓ Rektor og lærar møter 1.klassingane med føresette i skulegarden, før dei går inn i klasserommet.
- ✓ Leik vil vere ein sentral del av fyrste skuledag og gjennom 1.klasse.
- ✓ Foresette kan vera med så lenge dei vil, men dei fleste går når elevane har fyrste matpause.
- ✓ Foresette er velkomne (tilbake) til å fylgje barnet sitt på SFO, om dei ynskjer dette.

Kunnskapsdepartementet  
Samtidig med at barnet får oppleve sammenheng og trygghet, er det viktig å markere selve skolestarten. Den første skoledagen er en milepæl og bør oppleves som dette.



### 23. Nettverk for pedagogiske leiarar, 1.klasse lærarar og tilsette i SFO

Mål: Skape samanheng mellom dei ulike institusjonane og få til eit godt tverrfagleg samarbeid med felles kompetanseheving, slik at me kan byggje gode lag rundt barna.

- ✓ Det er grunnleggande for eit godt samarbeid at barnehage, skule og SFO har kunnskap om kvarandre sine institusjonar. 1.klasselærarar, pedagogiske leiarar som har ansvar for førskulebarna og tilsett i SFO som er mest saman med 1.klassingane oppfordrast difor til å delta på nettverk om overgangar.
- ✓ Nettverket skal vere ein arena for forventningsavklaring, informasjonsutveksling og kompetanseheving.
- ✓ Nettverket vil og bli brukt som ein del av implementering og oppfylging av aktivitetane i overgangsplanen.
- ✓ Inkluderande fellesskap skal vere eit overordna tema i nettverka.
- ✓ Nettverket vil ha fire samlingar i året og er organisert etter [dialogmodell til Torbjørn Lund](#).

Kunnskapsdepartementet  
Veilederen anbefaler at lærere i barnehage og skole har felles møteplasser for forventningsavklaringer, kompetanseutvikling og felles planlegging. Mål og progresjon for fagområdene i rammeplanen og for skolens fag bygger på hverandre, og arbeidet består i å sikre godt samsvar mellom plan og praksis.

### 24. 6-års kontroll hos helsejukepleiar

Mål: Fremja ein best mogeleg helsemessig utvikling, samt gje støtte og rettleiing ved behov.

- ✓ Tema for kontrollen er helse, legeundersøking og skulestart.
- ✓ Helsejukepleiar frå skulehelsetenesta tek kontakt med føresette og kallar deretter inn til 6 års kontroll på skulen. Det er valfritt om føresette vil vera med.
- ✓ Om føresette ikkje er med på kontrollen, tek helsejukepleiar kontakt med føresette etter gjennomført kontroll.
- ✓ I etterkant av kontrollen på skulen, blir barnet kalla inn til legeundersøking saman med føresette på helsestasjonen.
- ✓ På denne kontrollen vil ein få høve til å finne ut om det er barn som har behov for ekstra oppfylging vidare.
- ✓ Helsejukepleiar vil gje tilbod om kontakt, hjelp og rettleiing i helsespørsmål på eit tidleg tidspunkt ved behov.

Overordna del av læreplanen  
Temaet [livsmestring] skal bidra til at elevene lærer å håndtere medgang og motgang, og personlige og praktiske utfordringer på en best mulig måte.

### 25. Rettleiing på systemnivå med PPT – med leiing og 1.klasseteam etter avtale

Mål: PPT deltek med kompetanseutvikling og rettleiing til lærarar på system- og individnivå.

- ✓ Skuleleiing/lærar har ansvar for å ta kontakt med PPT om dei har behov for observasjon, kompetanseutvikling og/eller rettleiing på systemnivå.
- ✓ Om det er behov for å drøfte særlege behov til eit enkeltbarn skal føresette vere informert.
- ✓ I 1.klasse samarbeider PPT kontakt frå barnehage og PPT kontakt frå skule for å sikre ein god flyt i overgangen.

Opplæringslova § 11-13.  
Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal samarbeide med og støtte skolane i det førebyggjande arbeidet for å gi eit inkluderande opplærungstilbod til elevar som kan ha behov for tilrettelegging av opplæringsa.



## 26. Helsesjukepleiar blir kjent med 1.klasse

Mål: Jobbe førebyggjande med å fremje ein best mogeleg fysisk og psykisk utvikling hos barna.

- ✓ Etter oppstart i 1.klasse kjem helsesjukepleiar på besøk i klasserommet for å bli kjend med elevane.
- ✓ Samtalar om søvn, mat, vene og psykologisk førstehjelp står sentralt. Desse temaene er og i fokus når helsesjukepleiar deltek på foreldremøte.
- ✓ Helsesjukepleiar er innom klassen med jamne mellomrom gjennom skuleåret.
- ✓ Helsesjukepleiar har «open dør-tilbod» til elevane. Her er alle elevar velkomne, om dei har trond for å snakke med nokon eller om dei har trond for litt ekstra omsorg.

Opplæringslova § 1-3

*Elevane (...) skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre livet sitt og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.*

## 27. «LITTfest» på biblioteket

Mål: Bevisstgjera og bidra til gode lesestunder mellom føresette og barn både for å auka lesefrekvensen, men og for å styrke relasjonen.

- ✓ Biblioteket inviterer 1.klassingar med føresette til «LITTfest» på biblioteket ein ettermiddag om hausten.
- ✓ Her vil det bli høgtlesing, og ein vil få mogelegheit til å gjera seg kjend med biblioteket sine bøker og tenester.
- ✓ Biblioteket samarbeidar med skulen for å få ut informasjon om LITTfest til føresette.

Gjems, 2016

*Gode erfaringer med lesing er av stor betydning for å etablere trygge relasjoner mellom barn og voksen, og for å støtte barn i å oppleve lesing som en trivelig aktivitet de vil oppsøke igjen og igjen.*



## Litteraturhenvisning

Barnehagelova. Lov om barnehager. (LOV-2005-06-17-64). [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#).

Drugli, M. B. og Nordahl, T. (2016). Forskningsartikkelen. Samarbeid mellom hjem-skole. Utdanningsdirektoratet. [Betydningen av skole-hjem samarbeid \(udir.no\)](#)

Gjems, L. (2016). Barnehagens arbeid med tidlig litterasitet. Fagbokforlaget.

Hogsnes, D. H. (2019) Barns overgang fra barnehage til skole og skolefritidsordning. Fagbokforlaget

Hogsnes, D. H. (2019) SFO som arena for lesing, lek og vennskap i overgangen fra barnehage til skole. UIS. [SFO som arena for lesing lek og vennskap i overgangen fra barnehage til skole.pdf \(uis.no\)](#)

Kunnskapsdepartementet. (2008). Fra eldst til yngst. Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole. Regjeringen. [f-4248-fra-eldst-til-yngst.pdf \(regjeringen.no\)](#)

Lillejord, S., Børte, K., Halvorsrud, K., Ruud, E., & Freyr, T. (2015) . Tiltak med positiv innvirkning på barns overgang fra barnehage til skole: En systematisk kunnskapsoversikt. Kunnskapssenter for utdanning. [kunnskapssenter-overgangbarnehage-web.pdf \(utdanningsforskning.no\)](#)

Læreplan overordna del. (2017). Overordna del – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa. Regjeringa. [overordna-del---verdiar-og-prinsipp-for-grunnopplaringa\\_nynorsk.pdf \(regjeringen.no\)](#)

Meld. St. 6. (2019-2020). Tett på – tidlig innsats og inkluderede fellesskap i barnehage, skole og SFO. Regjeringen. Kunnskapsdepartementet. [Meld. St. 6 \(2019–2020\) - regjeringen.no](#)

Opplærinslova. (2003). Lov om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (LOV-2023-06-09-30. Lovdata. [Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregående opplæringa \(opplæringslova\) - Lovdata](#)

Rammeplan for SFO. (2021). Forskrift om rammeplan for skolefritidsordningen. (FOR-2021-05-31-1825). Lovdata. [Forskrift om rammeplan for skolefritidsordningen - 2.1 Overordnet om verdigrunnlaget til SFO - Lovdata](#)

Sveio kommune. BTI – betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Sveio kommune. [Sveio BTI – Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Sveio kommune \(beteinnsats.no\)](#)

Utdanningsdirektoratet. (2017). Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgåver. [Rammeplan for barnehagen \(udir.no\)](#)

Utdanningsdirektoratet. (2024). Samarbeid mellom hem og skole. [Samarbeid mellom hjem og skole | udir.no](#)

Utdanningsdirektoratet. (2014). Veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Udir.



Utdanningsdirektoratet. (2015). Overganger for barn og unge som får spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning. [Overganger for barn og unge som får spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning \(udir.no\)](#)